



Foreldre skal
bli høyrde i
barnehagesaker

*Ein brosjyre om korleis styraren kan
leggje til rette og foreldre kan vere
aktive og engasjerte i barnehagesaker.*

**Å fremje felles interesser
til beste for barnet**

Lovverket

Samarbeidet mellom heim og barnehage er heimla i barnehagelova:

§ 1: FORMÅL

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

§ 4: FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVALG

«For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.»

«Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.»

«Det er vesentlig at det finnes et forum der alle foreldrene kan møtes og utveksle sine tanker om barnehagen og diskutere med hverandre.»

Foreldrerådet skal

- Fremje fellesinteresser
- Bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø
- Velje representantar til samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet skal

- Bestå av like mange representantar for foreldra, personalet og eigaren
- Vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ

FUB tilrår

Kva ansvar har styraren når det gjeld foreldreråd og samarbeidsutval? Styraren skal

- Ta initiativ til møte og følgje opp samarbeidet
- Informere om aktuelle saker
- Leggje praktisk til rette
- Sørge for jamlege møtepunkt
- Ta imot og vidareformidle innspel frå foreldra

Viktige saker skal leggjast fram for foreldra

God informasjon

Barnehagestarten er ein stor overgang både for foreldra og barnet, og foreldra er naturleg nok mest opptekne av sitt eige barn den første tida. Dersom foreldra skal vere ein likeverdig og aktiv samarbeidspartnar for barnehagen, må dei heilt frå byrjinga få god informasjon om kva rettar og ansvar dei har i foreldrerådet og samarbeidsutvalet (SU).

FUB tilrår at foreldra som blir valde som representantar i foreldrerådet, etablerer *foreldrerådets arbeidsutval* (FAU). FAU kan vere både eit talerøyr og ein igangsetjar for interessene og ideane til foreldra.

Gode rammer

Gode rammer for arbeidet i FAU og samarbeidsutvalet er ein føresetnad for å skape engasjement og aktivitet. Her er nokre forslag som kan vere med på å gi arbeidet struktur:

- Vedtekter for foreldrerådet og samarbeidsutvalet
- Årshjul med faste saker
- Møteplan for heile året (kan setjast opp på det første møtet)
- Kvalitetssikra valrutinar: Kven skal veljast, og korleis skal ein velje? (Til dømes kan nye foreldre få bli kjende i barnehagen før dei blir valde, eller dei kan først bli valde som vara representantar.)
- Møte: kvar, korleis, kor ofte, med kven
- Tenk gjerne på at samansetjinga i ulike forum bør vere variert, til dømes med tanke på interesser, bakgrunn, tilhøyrslø, bustad og erfaringa til barnehageforeldra.
- Organiser gjerne oppgåvene i FAU i ulike foreldregrupper, slik at arbeidet med å arrangere dugnader og aktivitetar blir fordelt på fleire.
- Møtereclar
- Saksgang:

Foreldreråd > FAU > Samarbeidsutval > Eigar

I kommunale barnehagar: administrasjon > politisk styre
I private barnehagar: eigar/selskap/organisasjon

Legg eit godt grunnlag for samarbeidet ved å skape eit godt samarbeidsmiljø gjennom openheit og tillit til kvarandre. Etabler gode rutinar for korleis saker og klager blir behandla.

Vedtekter

Foreldrerådet i Vilberg barnehage i Eidsvoll kommune har utarbeidd vedtekter og årshjul for arbeidet sitt:

§ 1 – FORELDRERÅDET

Alle foreldre som har barn i barnehagen, er automatisk medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og barnehagen og leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos barna.

§ 2 – FORELDRERÅDETS ARBEIDSUTVAL (FAU)

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) er eit arbeidsutval som foreldrerådet har valt, og det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom foreldra og barnehagen. FAU skal sikre reell medverknad for foreldra og ha medansvar for at barna har eit trygt og godt læringsmiljø.

§ 3 – VAL OG KONSTITUERING

Val av nytt FAU skjer på foreldremøtet i byrjinga av barnehageåret. FAU konstituerer seg på det første møtet og vel leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlemmer og SU-representantar.

§ 4 – KOMITEAR

Ein kan velje underkomitear for FAU som arbeider med nærmare definerte oppgåver eller prosjekt.

§ 5 – MØTE

FAU har møte seks gonger i barnehageåret eller når minst tre medlemmer krev det.

§ 6 – OPPGÅVER

- Jobbe for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage
- Arrangere temakvelder og diskusjonsmøte for foreldra om aktuelle barnehagesaker
- Arrangere dugnad vår og haust

§ 7 – ØKONOMI

FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn på arrangement i regi av foreldrerådet/FAU. FAU kan berre gi løyvingar til formål som kjem barnehagebarna direkte til gode.

§ 8 – TEIEPLIKT

Forvaltingslova § 13 til 13f om teieplikt gjeld for foreldrekontaktar og medlemmer av rådsorgana til barnehagen (barnehagelova § 20).

§ 9 – ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

Ein skal gå gjennom vedtektene ein gong i året. Forslag til endringar i vedtektene må sendast skriftleg til FAU. Endringane skal takast opp og anten vedtakast eller ikkje vedtakast på møte i foreldrerådet.

Snakk meir saman

Årshjul

MÅNAD	AKTIVITET
September	FAU-møte
Oktober	Haustdugnad
November	FAU-møte
Desember	
Januar	FAU-møte SU-møte
Februar	Aktivitetsdag
Mars	Søknad symjeeksjonen FAU-møte
April	Vårdugnad SU-møte
Mai	Foreldremøte FAU-møte
Juni	Sommaravslutning
Juli	
August	



Saker

Foreldre skal få informasjon frå barnehagen om aktuelle saker. Her er nokre døme på saker som kan drøftast i foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

- Budsjet, rekneskap
- Drift
- Kvalitet i barnehagen
- Verdjar
- Brukarundersøkingar
- Bemanning
- Organisering av barnehagen
- Opningstid
- Sommarstengde barnehagar
- Vikarbruk
- Psykososialt miljø
- Tryggleik i barnehagen



Aktuelle saker som er spesielt nemnde i lovverket, er budsjett, drift og arealutnytting.

Foreldrerådet skal

- Behandle spørsmål om foreldrebetaling utover maksprisen

Samarbeidsutvalet skal

- Gi fråsegn om dispensasjon frå norma om pedagogisk bemanning
- Fastsetje årsplanen

Nokre gonger kan det vere vanskeleg å vite om ei sak høyrer heime i foreldrerådet/SU.

Ein tommelfingerregel kan vere at dersom saka gjeld berre ditt barn, kan du ta det opp med pedagogisk leiar eller styraren. Dersom saka kan tenkjast å gjelde fleire barn/foreldre eller er av meir prinsipiell karakter, kan ho takast opp i foreldrerådet/SU.



Tips

Tips til tillitsvalde foreldre

- Ver engasjert i fellesskapet.
- Opprett ein perm eller liknande der de samlar all informasjon om aktivitetar og møte.
- Arranger eigne møte for foreldre om aktuelle tema som foreldre er opptekne av, og som det kan vere nyttig å drøfte.
- Ha faste møte med styraren.

Tips til styraren

- Ver open og lyttande.
- Gi god og fylldig informasjon om foreldreorgana til dømes på oppstartsmøtet med nye foreldre.
- Ha faste møte med foreldrerådsleiaren.
- Oppmod foreldre til å ha eigne møte.
- Gi foreldrerådsleiaren nøkkel til barnehagen.
- Bruk FAU og SU aktivt.

Tips til barnehageeigaren

- Delta på SU-møta.
- Ver informativ, lyttande og engasjert.
- I kommunale barnehagar der barnehageeigaren ofte er politisk representert i SU, må representanten vere skulert på barnehageområdet og representere eigaren i rett forstand, kunne gi informasjon og svare på spørsmål.

Jo betre forholdet er mellom foreldre og personalet, desto betre blir relasjonen mellom personalet og barna





Du finn fleire tips på
www.fubhg.no

Brosjyren er utarbeidd av Foreldretvalet for barnehagar (2016).